



Møteprotokoll

Utval	Ungdommen sitt kommunestyre
Møtestad	AU møte kl. 9-10. UK startar kl. 10.00. (Møtet er blitt flytta frå 17. mars)
Dato	07.04.2026
Tidspunkt	kl 10:00 - 13:15

Frammøtte	Parti
------------------	--------------

Ellisiv Olsen Sjøthun	
Hans Fredrik Hagelin Moe	
Iver Hofslundsengen	
Malin Fristad Hop	
Olav Hagelin Moe	
Thor Fredheim	
Tryggve Ås Teigen	
Trygve Watsend Erichsen	
Vitalii Huz	
Yngvil Elisabeth Strøm-Sire	
Zahra Almohammad	
Sivert Kvam Høyheim	AP
Ingrid Johanne Hurthi	Krf
Jonatan Hurthi	Krf
Ingrid Johanne Kvalen	SP

Andre som møtte:

Sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud

Folkehelse v/Helga Garborg Sie kl. 9-11.30 i deler av sak 14. 4 studentar frå sosialt arbeid på HVL møtte som observatørar.

Kommunalsjef Knut Åge Teigen i deler av sak 14.

Plansjef Knut Vidar Svanheld møtte og orienterte om sak 17, 18 og 19.

Underskrifter:

Hans Fredrik Hagelin Moe
ordfører i UK

Saksliste

Saknr	Sakstittel
12/26	Konstituering av møte
13/26	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte
14/26	Orienteringar, drøftingar og open post
15/26	Blås grønt 2026
16/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030
17/26	Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda
18/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
19/26	Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda
20/26	Aktivitetsplan for UK
21/26	Referatsaker

12/26 Konstituering av møte

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

- Opprop, alle møtte.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad til at sak 16/26 vart trekt frå saklista på grunn av utsetjing av UK sitt møte*.

UK - 12/26 vedtak

Det var ikkje merknad til innkalling og sakliste.

13/26 Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til møteprotokollen.

Ellisiv Olsen Sjøthun og Sivert Kvam Høyheim vart føreslegne til å skrive under på møteprotokollen. Dei vart samrøystes valde.

UK - 13/26 vedtak

Møteprotokoll frå sist møte, den 2.2.26 vert godkjent.

Ellisiv Olsen Sjøthun og Sivert Kvam Høyheim vert valde til å skrive under på møteprotokollen.

14/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

Orientering/drøfting:

Folkehelse v/Helga Garborg Sie informerte, sjå vedlagde presentasjonar.

- Inkludering på ungdomsklubbane.
- UKM, info frå arrangementet
- Temakveld Helsesista
- Folkehelseprofilen

Uk hadde gruppearbeid der Folkehelse tok med seg innspela i vidare arbeid. Resultat frå gruppearbeidet ligg i presentasjonen.

Kommunalsjef Knut Åge Teigen informerte, sjå vedlagde presentasjon.

- Kulturutveksling, førebels på pause sidan me ikkje oppnår kontakt med kontaktperson i Sognefjordlaget i USA.
- Luster ungdomstaxi
- Rusmiddelpolitisk plan er vedteken og UK har tidlegare kome med innspel til planen.

Plansjef Knut Vidar Svanheld orienterte om planane i sak 17,18 og 19. Sjå vedlagde presentasjon.

- Planar; Områdeplan Hafslo, kommuneplanen sin arealdel, Salen.

Hans Fredrik, Olav, Zahra og Malin orienterte frå fylkesting for ungdom.

- Interessant å delta, kjekt å prate med ungdomar frå mange kommunar, fekk prøve digdem på nettet, debatterte saker, transport er utfordring i alle kommunar, Hans Fredrik er vald inn som fast medlem i fylkesutvalet for ungdom.

Hans Fredrik, Ingrid Johanne K, Zahra og Olav orienterte frå ungdomskonferanse i Stryn den 26. mars.

- Temaet var Ung Kraft, og det handlar mykje om barn og unge si moglegheit til å påverke, korleis skape trygge rom for å seie meiningane sine, og å bli høyrte, enten på skulen, fritid, sosiale media, politikken osv. Leo Ajkic snakka mykje om inkludering.

Jonatan Hurthi informerte om saker som er handsama i formannskap og kommunestyret:

- Vedtektsendringar i UK, der leiar og nestleiar i UK no er ordførar og varaordførar i ungdommen sitt kommunestyre.
- Solvorn oppvekstsenter, skuletilbodet vert flytta til Hafslo, barnehage tilbudet vert i Solvorn. Jobbe i lag med bygdefolket og finne ut korleis bygget skal brukast vidare.
- Ruspolitisk handlingsplan, Uk er gode pådrivarar for at me får handheva planen.
- Saker frå næringsfondet; Luster fjordhytter, Dalsøren camping, Elvepurka, Highflow. Mykje nye tilbod innan reiselivet.

- Anette Stegegjerde Norberg, som starta i Uk er blitt statssekretær i Landbruk- og matdepartementet, har fått permisjon frå politiske verv og det er valt settemedlemer i hennar verv.
- Luster si handsaming av sak om turnhall i Sogndal
- Jurthi utfordra UK på korleis Ltu, lokalt transporttilbod for ungdom (eller Luster ungdomstaxi) kan få til ei løysing slik at fleire kan reise i same turen utan at dei veit om kvarandre i utgangspunktet.

Anna informasjon i møtet:

- Ungdomsstipend, 2 søknader innan fristen. Begge fekk stipend.
- Kommunestyret har temamøte om oppvekst 18. juni. Då blir UK invitert. Noter datoen og UK blir truleg utfordra på å ha innlegg i møtet.

Open post:

Samfunnssalen på Hafslo bør vere tilgjengeleg for lag og organisasjonar også i ferietid.

UK - 14/26 vedtak

UK tek orienteringa til vitane.

Innspel frå UK i gruppearbeid om folkehelse og open post vert formidla vidare i administrasjonen.

Oppfordringa frå Jonatan Hurthi om Luster ungdomstaxi vert teke opp til drøfting på neste møte i UK.

15/26 Blås grønt 2026

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

UK drøfta saka og ønskjer å arrangere Blås grønt fredag 12. juni under Lustrabalder.

Desse representantane deltek som arrangørar frå UK:

Malin Fristad Hop, Ellisiv Olsen Sjøthun, Yngvil Elisabeth Strøm-Sire, Ingrid Johanne Hurthi, Iver Hofslundsengen, Olav Hagelin Moe.

Gruppa kan invitere med fleire, til dømes Jonny Gjerde.

Malin tek kontakt med Politiet. Gruppa avgjer premiar, får vite kva budsjett dei har.

Uk kan drøfta saka nærare på neste møte og avgjere til dømes premieutdeling.

UK - 15/26 vedtak

Dei 6 representantane arbeider med førebuingar til Blås grønt og informerer i neste møte i UK.

16/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

Saka vart trekt sidan møtet vart utsett frå 17. mars til 7. april.

UK har tidlegare gjeve innspel til planen.

Planen er vedteken i kommunestyret og UK har fått informasjon om planen.

UK - 16/26 vedtak

Saka vart ikkje handsama i møtet.

17/26 Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

UK fekk informasjon om kommuneplanen sin arealdel i møtet.

UK drøfta planen og framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

UK - 17/26 vedtak

UK er positiv til bustadfelt og parkeringsløyning i Solvorn. Det er god arealutnytting. Det bør leggst til rette for trygg ferdsel mellom bustadfelt, parkeringsplass og Solvorn sentrum og badeplass. Ev. transporttilbod som sommarjobb er interessant forslag.

Dyrka mark bør mest mogleg bevarast.

UK er positive til at bustadfelt i Grindane II vert erstatta med Hotla. Det er kort avstand til sentrum og tryggare i forhold til flaum.

UK er positive til nytt næringsområde på Indre Hafslo.

Dyrka mark bør mest mogleg bevarast.

Når det vert utbygd, vil UK peike på at det er viktig å passe på det estetiske.

18/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

UK fekk informasjon om planframlegget i møtet. Planen vert truleg lagt ut på ny høyring ca 1. mai.

UK drøfta saka, tek den til orientering og vel å utsette sin uttale til saka er utlagt på høyring.

UK - 18/26 vedtak

Saka vert utsett til neste møte i UK, den 8. juni.

19/26 Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

UK fekk informasjon om planframlegget i møtet.

UK drøfta planen og framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

UK - 19/26 vedtak

Det er positivt med bustadutbygging i Gaupne og viktig at det er god arealutnytting på området.

Salen ligg nært etablert leikeplass og det er kort avstand til sentrum.

Når det vert utbygd, vil UK peike på at det er viktig å passe på det estetiske.

20/26 Aktivitetsplan for UK

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

UK drøfta dato for neste møte og tilpassa det til at eksamenstida var avslutta. Neste møte vert måndag 8. juni.

UK - 20/26 vedtak

Neste møte i UK vert måndag 8. juni.

Planen vert elles oppdatert ut frå drøftingar og vedtak i møtet.

21/26 Referatsaker

Ungdommen sitt kommunestyre 07.04.2026

Handsaming

Det vart informert i møtet om dei ulike referatsakene.

UK - 21/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.